



Sund Sokneblad

Nr. 4
12. september 2017
Årg. 86

Sund Blandakor på gudsteneste i Trellevik



På gudstenesta under kystkulturdagen i Trellevik var Sund Blandakor framme og song fleire songar. FOTO: Harold Trellevik

Skifte av kyrkjeverje

Kyrkjeverja i Sund dei siste 6 åra, Beate Husa, slutta i stillinga 31. august for å gå over i anna arbeid.

Dagen etter var den nye kyrkjeverja på plass. Han heiter Olav Martin Vik og skal dela stillinga med tilsvarande stillingar i Fjell og i Øygarden. Han skal òg vera prosjektleiari for samanslåinga av kyrkjene i dei tre kommunane.

side 3 og sistesida

Harald Grønnevik

Harald Grønnevik var sokneprest i Sund i nesten 8 år frå 2001 til 2009. På føremiddagstreffet siste onsdagen i august var han attende i Sund for å fortelja om dei 38 åra han har vore prest i Noreg og i Liverpool. Han hadde mange artige episodar å fortelja frå desse åra i Osterøy, Liverpool, Rennesøy og Sund før han avslutta prestevirket i Strandvik/Etne.

side 8-9

Nye benkar på gravplassen

På gravplassen i Telavåg har det kome på plass fire nye benkar som er laga i godt materiale av Tommy Telle. Det er Telavåg kvinne- og familielag som står bak dette tiltaket, og på ein dugnad 22. august vart dei nye benkane sette på plass medan dei gamle vart tekne bort.

side 5

Pastoralt perspektiv

Konfirmasjon – eit livslangt prosjekt

Konfirmantåret er i gang.

Ein gjeng med flotte ungdomar har meldt seg til konfirmantundervisning, og kyrkjelyden gledar seg over at så mange stadfestar sin dåp!

Ordet «konfirmasjon» betyr jo: «Bekreft, stadfeste».

Og dermed blir ein konfirmant - ein som bekreftar/stadfestar, - men også:

Ein som BLIR bekrefta/stadfesta!

Utgangspunktet er ordet JA - GUDS ja til oss i dåpen. Gud står ved sitt JA, og vonar at du og eg vil svare JA tilbake.

Og dermed blir vi konfirmantar HEILE LIVET!

For livet med Gud tar ikkje slutt når klokkene ringjer for konfirmant-kullet i april/mai.

Gud går saman med oss ut av kyrkja, og innbyd oss til å følgja han heilt fram til målet!

Og det er særleg 3 tekstar frå Bibelen som konfirmantundervisninga kviler på:

1) Luk 15,11-32: Forteljinga om den bortkomne sonen, som handlar om Guds kjærleik til oss, ja, om at Gud er urettferdig god mot oss!

2) Luk 10,25-37: Forteljinga om den miskunnsame samaritanen, som handlar om nestekjærleiken!

3) Joh 3,16: Den vesle Bibel, som oppsummerer det heile ved å fortelja oss at Gud elsker oss så høgt at Han gav ALT for oss, til og med sin einborne Son!

Og kanskje kan vi samanfatte dette med å teikna ein KROSS, med eit HJARTE rundt.

For krossen har ein loddrett akse, som minner oss om Guds kjærleik til oss.

Og krossen har ein vannrett akse, som minner oss om at vi skal elska kvarandre, - altså nestekjærleiken.

Og rundt det heile står eit hjarte som minner oss om at Gud elsker oss så høgt at Han gir ALT for oss.

Difor bed vi konfirmantane om å hugsa på krossen med hjartet rundt. Då har dei fått med seg det viktigste!

Og sidan vi er konfirmantar heile livet, får også du og eg utfordringa om å hugsa på krossen og hjartet. Ja, vi blir oppmoda til kvar dag å stadfesta krossmerket vi vart teikna med i dåpen for 20, 50 eller kanskje 80 år sidan... Då vart vi krossmerkte, til vitnemål om at vi skal få tilhøyra den krossfesta og oppstadne Jesus Kristus og tru på han!

Då handla det om Guds kjærleik til oss, og vår kjærleik til våre medmennesker.

Det gjer det I DAG, også!

Vi ynskjer kvarandre lukke til med den livslange konfirmasjonen!

Kjell-Asle Børnes

Velkomen til gudsteneste

17. september – 15. søndag i treeiningstida – Matt 7,24-28

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/K.A.Børnes og Dag R.

Pettersen. Dåp. *Konfirmantpresentasjon.*

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet.

Song: Anita Heggholmen

24. september – 16. søndag i treeiningstida – Mark 7,31-37

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle

Børnes. *Hausttakkefest.* Dåp og Nattverd.

Takkoffer: Kirkens Bymisjon.

Song: Vivian Steinsland

01. oktober – 17. søndag i treeiningstida – Joh 11,17-29

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp

og Nattverd.

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

SØNDAGSSKULE!

08. oktober – 18. søndag i treeiningstida – Matt 8,14-17

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 *Bønevandringsgudsteneste v/*

Kjell-Asle Børnes. Nattverd.

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

Musikk (cello): Johann Sebastian Blum

15. oktober – 19. søndag i treeiningstida – Luk 20,45 – 21,4

SUND kyrkje kl 18:00 *Songgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.*

Nattverd.

Takkoffer: NLA.

Song: Betweenskoret, Sund blandakor og Sangkompaniet

22. oktober – 20. søndag i treeiningstida – Joh 11,1-5

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haug-

land. Dåp og Nattverd.

Takkoffer: TV-aksjonen

29. oktober – Bots- og bønedaag – Luk 13,22-30

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/K.A.Børnes og

Hildegunn B. Myklebust. Dåp. *Bibelboka til 5. klassingar.*

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet.

Song: Stjernekorset

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjeskys - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dævøy - tlf. 56 33 94 27

Beate sluttar som kyrkjevevjerje

Beate Husa har vore kyrkjevevjerje i Sund sidan 2011. 31. august hadde ho sin siste arbeidsdag som kyrkjevevjerje i Sund.

31. august hadde Beate Husa sin siste dag som kyrkjevevjerje i Sund. Ho skal begynne i ny jobb som administrasjonsleiar i Fyllingsdalen menighet. Det er tidsklemma og omsynet til å få meir tid med yngsteddottera på 16 år, som skal gå på vidaregåande skule i byen, som gjer at ho no flyttar på seg etter 6 år som kyrkjevevjerje i Sund.

- Men korleis har det vore å vera kyrkjevevjerje i Sund desse åra?

- Det har vore mange spennande oppgåver som kyrkjevevjerje i Sund. Eg har opplevd desse seks åra som veldig lærerike, ofte svært travle, nokon gonger krevjande, og mange gonger kjekke! Fellesrådet har vist meg stor tillit og gitt meg rom. Det set eg stor pris på, fortel Beate Husa.

- Har du nokre gode minne frå tida som kyrkjevevjerje?

- Eg har mange gode minne! fortel Beate. Særleg har eg sett pris på å få vere med å stelle i stand den årlege festen for alle dei flotte frivillige vi har i kyrkjelyden. Årets fest hadde professor Ingvar Vilhelmsen som festtalar, og det var ein flott opplevelse. I forhold til staben vil årlege julebord, blåturar og turen vår til Orknøyane i juni i år stå igjen som veldig gode minne. Eg har hatt eit godt og nært samarbeid med sokneprest Kjell-Asle Børnes. Han er ein av dei finaste prestane eg veit om, og eg har alltid gledd meg over kor godt vi har jobba saman. Eg synest Sund sokn er heldig, og eg håpar kyrkjelyden vil halde fram å be for og ta vare på presten sin.

- Kanskje du òg har hatt nokre vanskelege saker å arbeide med?

- Det har eg. Økonomi er ei slik sak. Det er ikkje alltid så kjekt å vera den som må seie nei til legitime ønske som blir lagt fram. Det er likevel slik at eg opplever at eg har lært mykje om meg sjølv og dei rundt meg når prosessane har vore tøffe.

- Kva synest du at du har fått utretta som kyrkjevevjerje?

- Eg er glad og takksam for at vi har klart å snu den økonomiske situasjonen. No er fellesrådet sin økonomi god og sunn. Her vil eg berømma kommunestyret og rådmannen som har vore løysingsorienterte og positive. Det var òg veldig kjekt å kunne sjå arbeidet med oppussinga av Sund kyrkje bli slutført i juni. Det er eit prosjekt som eg har arbeidd med frå dag ein, og eg er glad for å sjå kyrkja slik ho no framstår.



- Kva har du ikkje fått fullføre?

- Det er nok ting som eg skulle ønska var på plass når eg sluttar. Eit av desse er trådløst nettverk i Kausland. Det treng vi både til konfirmantundervisning og andre arrangement. Men det vil min etterfølgjar ta tak i. Så skulle eg svært gjerne ha funne ei løysing på problemet med at hjorten kjem inn og øydelegg og herjar, både på eksisterande og nye graver. Dette er særleg problematisk i Klokkarvik. Det gjer meg vondt at pårørande må oppleve slikt. Vi har prøvd ulike tiltak, no sist ein grundig oppjustering av gjerdet rundt heile gravplassen. Likevel finn hjorten sine vegar inn. Eg er kjent med at dette er eit problem over heile landet, så det spør om det lar seg løysa, sjølv med endå fleire tiltak.

- Korleis blir det å forlata dette arbeidet?

- Det blir rart. Litt vemodig og sårt. Men det blir òg godt. Eg tenkjer at alle har godt av å lukke eit kapittel av og til, for så å starte på eit nytt. Seks år er ganske lang tid, synest eg. Då kan det vere godt både for meg og for andre med ei forandring. Eg vil takka for tilliten eg har fått, for alle gode ord og støtte frå ulike kantar i løpet av desse åra, og ikkje minst vil eg takke dei som har bedt for meg undervegs, seier Beate Husa til slutt.

Olai Otterå

Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa held fram med møte den siste onsdagen i månaden. Programmet er no klart for hausten og byr på interessante tema.

Føremiddagstreffa startar alltid med ein felles lunsj før den inviterte gjesten slepp til med temaet sitt.

27.09 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Geir Magnus Nyborg

Tema: Frå Sotra og ut

25.10 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Kjell-Asle Børnes

Tema: Nåden åleine

29.11 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Egil Morland

Tema: Kyrkja sin kamp - og vår

Onsdagstreffa

Det blir onsdagstreff den første onsdagen i månaden på Aktivitetssenteret. Treffa tek til kl. 11.00. Presten er oftast med på desse treffa.

Datoar:

Onsdag 6. september

Onsdag 4. oktober

Onsdag 1. november

Onsdag 6. desember



Mange fann vegen til Bygnaden i Trellevik då det vart skipa til gudsteneste der som start på Trellevikstemna.



Offerbollen går rundt.

Gudsteneste i Trellevik

Sundag 27. august arrangerte Folkeakademiet Sund Trellevikstemna. Som så mange gonger før, starta arrangementet med gudsteneste i Bygnaden. Mange nytta det fine vèret til å koma.

Sokneprest Kjell-Asle Børnes heldt preike over temaet *Nåden åleine* og teksten frå Paulus sitt brev til efesarane, kapittel 2, vers 1-10; frå død til liv. Denne sundagen var dette ein del av Bjørgvin bispedøme si markering av den nasjonale reformasjonsmarkeringa. Tidlegare i gudstenesta las Svein Myklebust om den bortkomne sonen; Luk. 15, 11-32. Faren viste nåde:

For denne bror din var død og har vorte levande.

I denne gudstenesta ville presten nytta den gamle versjonen av Fader Vår i staden for Vår Far. Det høyrdes ut som at kyrkjelyden sette pris på dette!

Sund Blandakor, leia av dirigent Ann Jorun Hillersøy, deltok med song. Som postludium song dei Johannes Kleppevik sin *Mitt heimstadland*. Ann Jorun var òg organist under gudstenesta.

Harold Trellevik



Sund Blandakor i gudstenesta i Trellevikbygnaden.



Nye benkar på Telavåg gravplass

22. august hadde Telavåg kvinne- og familielag (eller Husmorlaget som dei gjerne kallar seg framleis) dugnad på Telavåg gravplass. Målet var å setja opp fire nye benkar på gravplassen.

Det har i fleire år stått benkar på gravplassen, men dei har stått direkte på bakken og var no blitt så dårlege at det var berre å kasta dei. Dei nye benkane, som er laga av Tommy Telle, er laga av materiale som skal vera betre enn vanleg impregnert materiale. I tillegg er det lagt steinheller under kvar av benkane som gjer at dei ikkje må stå direkte på grasbakken.

Det som elles er spesielt med desse benkane er at kvar av dei har fått rissa inn ei linje av første verset av *Fager kveldssol smiler*, ein song som ofte vert sunge på gravplassen. Benkane er plasserte på kvar av dei fire sidene av gravplassen, og om ein tek turen rundt og kikar på alle benkane, får ein altså med seg heile det første verset av «Fager kveldssol smiler».

Det er Telavåg kvinne- og familielag som har kosta benkane for pengar dei har fått inn på basasar.

Olai Otterå

Fire nye benkar er komne på plass på Telavåg gravplass. På kvar av benkane er det skriva ei linje frå første verset av «Fager kveldssol smiler».



«Stilt i heilag fred» står det på ein av dei fire benkane.



Benken med teksten «jord og himmel kviler».

Likar du å synge??

Vil du bli med i **kor**?

Vi har to kor som øver i Sund kyrkje annankvar tysdag.

Stjerneketret er for deg mellom 4 og 9 år. Vi møtest klokka 17.30 – 18.30.

Betweenkoret er for deg som går i 4. klasse og oppover. Vi øver frå 18.30 til 19.30.

Begge kora øver:

26. september, 17. og

31. oktober, 14. og 28. november.



Bli med på klubb!

Betweenklubben

er frå 4. klasse og oppover.

Vi **møtest** 19. september, 24. oktober, 21. november i **Kyrkjekjellaren** frå klokka 17.30 til 19.30.

Vi **leikar**, har ulike aktivitetar, lærer frå Bibelen, et kvelds saman.

Du og venene dine er velkomne til å bli med!



«Slik som eit lite barn»

I Bibelen (Mark 10,13-16) les vi om Jesus og barna.

Dette tekstavsnittet blir ofte kalla «Barneevangeliet», men det talar minst like mykje til oss vaksne. For vi treng alle å ta imot Guds rike «slik som eit lite barn» – elles kjem vi ikkje inn i det! (v.15)

Så lat oss difor, uansett alder, setja oss på Jesu fang og ta imot. Der skal vi få koma tomhendte. Der skal vi sleppa å prøva å fortjena noko.

Der handlar det ikkje om å vera gode nok eller flinke nok.

Istaden skal vi få satsa på at Jesus er urettferdig god mot oss. Vi skal m.a.o. få satsa på NÅDEN!

Og følgjande salme konkretiserer dette så fint for oss:

Kor stort min Gud, at eg ditt barn får vera, og leva i di frie nådepakt!

Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera, men bare kvila i det du har sagt.

(Salmeboka nr. 323)

I Guds rike kan vi altså ikkje bli noko større eller noko meir enn BARN, barn av Gud, barn som er 100% avhengig av Jesus, og som slik kviler i nåden og satsar alt på at han er urettferdig god mot oss.

Så lat oss difor spørja oss sjølve: Kviler VI i nåden, eller set vi framleis vår lit til eigne kvalifikasjonar? Satsar VI alt på det

Jesus har gjort for oss?

Trur VI dette - at Gud er urettferdig god mot oss?

Eg treng i alle fall «Barneevangeliet»! For som vaksen er eg så van med å tenkja i kategoriane «løn» og «forteneste». Men då er eg samstundes på veg bort frå nåden - som er GRATIS! Den er gratis fordi Gud sjølv har betalt det den kostar. Og dermed kan apostelen seia:

«For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve». (Ef 2,8)

Og trua er dei tomme hendene vi tek imot gåva med.

Kjære medvandrar: Lat oss ta imot - slik som eit lite barn!

Og lat oss ta barna med oss til Jesus som seier: «Lat småbarna koma til meg og hindra dei ikkje!» (v. 14) . På hans fang er det plass til barn i alle aldrar...

Kjell-Asle Børnes

Andakten

Bergen & Omegn

BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

Sotra Omegn

BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)





Artistane Mathias og Pernille er mellom dei som vert tilrådd på Spotify av Superblink. (Pressefoto)

1 000 kristne barnesongar på Spotify

Den kristne medieklubben Superblink har laga ei speleliste med 1000 kristne barnesongar på Spotify.

Superblink vert eigd og drive av NLM Ung (tilknytta Norsk Luthersk Misjonssamband) i samarbeid med Norea Mediemisjon og IMF Ung.

– Eg har tenkt på det lenge at det hadde vore fint om foreldra kunne finne ei speleliste med kristne barnesongar på Spotify, seier redaktør i Superblink, Torunn Haraldsen til NLMs magasin Utsyn.

– Eg har ikkje sett noko tilsvarende og har sakna dette for mine egne born.

Norske artistar

Haraldsen fortel til Utsyn at spelelista Superblink har sett sammen inneheld både nye og gamle songar frå norske artistar som syng på norsk og engelsk.

– Vi har tatt frå dei albuma som verkar bra. Vi har til dømes musikk frå ein ny CD av Mathias og Pernille som kom ut i fjor haust. Også Line, Kim og Rune frå eg var liten ligg der, seier redaktøren.

Spelelista passar ifølgje Haraldsen

best for målgruppa til Superblink som er 4 til 12 år.

– Men vi har også tatt med songar frå Oslo Soul teens. Dei ligg jo i det øvre alderssjiktet for vår målgruppe.

Bort frå CD

Alle kan lytte til spelelista på streamingtenesta, men viss du vil unngå reklame eller vil laste ned lista til offline bruk må du ha eit Spotify-medlemsskap.

– Veldig mange har allereie eit medlemskap i Spotify. Då kan du anten spele musikken direkte eller laste han ned. Dei fleste som har born i Superblinkalderen kjenner til Spotify, seier Haraldsen.

Superblink produserer framleis CD-ar som dei sender ut til abonnentane sine, men redaktøren seier dei også følgjer med i den tekniske utviklinga.

– I februar sender vi ut ein ny CD som vedlegg til klubbavisa. Men for første gong vert lydfila også lagt ut på superblink.no. Dette er ein konsekvens av at færre og færre har CD-spelarar. På sikt vil CD-produksjonen opphøre og alt vert lagt på lydfil i staden, seier Haraldsen. (KPK)

Kristent forlag med stort underskot

Etter Vivo-kjedens konkurss blei det eit tungt år for Lunde forlag.

Lunde forlag gjekk med 793.000 kroner i underskot i 2016, melder avisa Dagen.

– Det er stusseleg og trist. Vi er leie oss for det, seier dagleg leiar Tom Teien til avisa.

Etter Vivo-kjedens konkurss har han lenge vore klar over at det ville bli eit stort underskot for forlaget. Vivo var deira største kanal for distribusjon av egne bøker.

I motsetning til 2015, då forlaget gjekk med nesten 600.000 kroner i overskot, blei kontrasten til fjordårets resultat stort

– Det blir ein sviakt i vår eigenkapital, men vi er inne i eit konsern og har eigarar som heile tida har blitt orientert om underskotet, seier han til Dagen.

Teien fortel at dei har tatt grep som i hovedsak handlar om marknadsføring.

– Det har ikkje vore snakk om nedbemanning, seier Teien. (KPK)

Rønnaug Fjøren sluttar etter meir enn 18 år



Rønnaug Fjøren sluttar på kyrkjekontoret i Sund.

Rønnaug Fjøren har vore kontorsekretær i Sund sidan januar 1999, altså i 18,5 år! Når vi no takkar henne av kjenner vi på stor takksemnd over den lange og tru tenesta ho har utført for Sund sokn i alle desse åra.

Det er vanskeleg å lage ei uttømmende liste over alle hennar oppgåver, men Rønnaug har hatt hovudansvaret for dei daglege rutinane og mykje av papirarbeidet ved kontoret. Ho har vore sekretær for soknepresten, hatt ansvar for festeavgifter, sørga for det som har med utleige å gjere og hatt ansvar for post og sentralbord. I tillegg har ho i periodar hatt oppgåver knytt til dei frivillige, knytt til oppfølging av tilsette og vore vikar for kyrkjeverja.

Hennar trygge framferd og gode kompetanse har vore uvurderleg over mange år med skiftande leiarar og prestar. Rønnaug er ein person som tar ansvar, ho er lojal og samvitsfull og ho skapar eit godt arbeidsmiljø. Til tider har ho forten tittelen «cateringsjef»!

Staben har fått nytte godt av hennar omsorg, ofte uttrykt gjennom bakverk og levande lys. Vi vil takke hjarteleg for innsatsen og ønske henne alt godt!

Helsing stab og sokneråd

Ny og «gammal» kyrkjetenar i Kausland kyrkje



Etter gudstenesta i Kausland kyrkje 13. august takka sokneprest Kjell-Asle Børnes av den tidlegare kyrkjetenaren i kyrkja, Olav Nikolai Pettersen (t.v.), som skal til Oslo for å studera. Samstundes ynskte han velkomen han som overtek jobben som kyrkjetenar i Kausland kyrkje, Ole-Jakob Pettersen.

FOTO: OLAV OTTERA

Inga Ranselbøn

Det vart ikkje noko av opplegget med Ranselbøn for dei nye førsteklasingane i år. Grunnen til dette var at påmeldinga var så dårleg at kyrkjekontoret fann at dei ikkje kunne gjennomføra det.

Planen var å ha ei samling om laurdagen før skulestart med ulike aktivitetar, og så skulle ein følgja opp med bøn for dei nye førsteklasingane i gudstenesta på søndagen i Kausland kyrkje. Sjølv om 1. klasingane vart tekne med i forbøna var det altså ikkje eit eige opplegg med 1. klasingane til stades i kyrkja.

Permisjon for organisten

Irina Tarasova vil ikkje bli å finna på orgelkrakken korkje i Sund kyrkje eller i Kausland kyrkje i tida framover. Ho skal først ha ferie og deretter går ho ut i mor-spermisjon fram til juni 2018. I denne perioden vert det diverse vikarar på orgelkrakken, t.d. Ann Jorun Hillersøy, som mange har sett vikariera tidlegare.

Harald Grønnevik hadde vore prest i Sund i nesten 8 år då han gav seg her i 2009 for å avslutta prestetenesta i Skånåvik/Etne. Der gav han seg for godt for snart 4 år sidan etter 38 år som prest. Då han nyleg besøkte føremiddagstreffet i Klokkarvik var det desse åra han ville fortelja om. Mange var det som ville høyra på han, for det var ekstra mange som møtte fram på dette føremiddagstreffet.

Han hadde eigentleg ikkje tenkt å bli prest, fortalde Harald Grønnevik. Tanken på å studera teologi var noko som kom over han ganske brått, men 8 år på MF i Oslo vart det før han vart ordinert til prest av Per Juvkam i 1975.

Grønnevik hadde vore prest i Osterøy, Liverpool og Rennesøy før han kom til Sund. Av og til kan han ha tenkt at han blei forbigått på ei søkjarliste, men no tenkjer han at han hadde kome på dei rette plassane.

Osterøy

Det starta med at han vart tilsett som residerande kapellan på Osterøy, og det var tilfeldig han fekk vita at han var sett opp til å halda gudstenesta i Hamre kyrkje 10. august 1975. Sokneprest Karl Gåsemyr hadde gløymt å gje han melding om det. Her lærte han det store ved synsvedkjenninga i gudstenesta.

Ein gong skulle han ha nattverd i ein heim, men så hadde han gløymt å ta med vinen. Men mannen i huset redda situasjonen då han fann fram noko vin som han sjølv hadde.

På Osterøy var det òg at han var heldig å treffa nokre av dei som fall utanfor i samfunnet. - Når vi sat der og prata, såg eg at mange av dei hadde ei sterk gudstru, fortalde Grønnevik.

Liverpool

Etter Osterøy gjekk turen til Liverpool, som vart byen i livet hans. Det var der han lærte at kyrkja må vera i kyrkjerommet og ute på vegen. Det var ein by med store kontrastar, og 40 år etter krigen var det



Harald og Torbjørg Grønnevik syng med.

Harald Grønnevik:**Frå eit 38 år langt presteliv**

framleis spor etter krigsøydeleggjingane. Her trefte han på fleire krigsseglarar, t.d. Båsen som ein gong var blitt noko full før han kom til kyrkja. Men det var då han sa: «Det er ikkje så bra med meg i kveld, men her i kyrkja er det godt å vera.»

Rennesøy

Den lengste prestetenesta hadde Harald Grønnevik på Rennesøy, der han vart i 18 år. Herifrå kunne han fortelja nokre artige episodar, t.d. den gongen dei stod på kyrkjegarden på Utstein kloster, klare til å senka ei kiste ned i jorda. Då kom gardskatten gåande, grov ei grop i molda og gjorde sitt før han grov mold over att. - Etterpå stemte me i med «Fager kveldssol smiler», så Grønnevik med eit smil.

Han mintest òg ein gong han var noko nervøs då Nordens bispemøte skulle vera på Utstein kloster og dei skulle ha besøk av eit kor frå Stavanger. Koret let venta på seg grunna trafikken, så det vart inga tid til øving, men heldigvis gjekk alt bra likevel.



Harald Grønnevik var gjest på føremiddagstreffet i august.

Sund

I Sund mintest han at kyrkja var etter hans smak, og at det var mykje gildt folk her.

Dei mange friluftsgudstenestene hugsar han òg, t.d. ein gong det var friluftsgudsteneste i Trellevik og han ville flytta altaret litt nærare folket. Men det

let seg ikkje gjera, for altaret var sett godt fast i jorda.

No er det berre av og til han tek fram prestekjolen når det er bruk for tenestene til den pensjonerte presten.

Olai Otterå



Det vart eit ekstra langt lunsj bord då Harald Grønnevik var på besøk for å fortelja om livet sitt som prest i 38 år.

– Bibelkunnskap er kanskje ikkje så sjølvstøtt lenger

Med den nye boka si «Røff guide til Bibelen» ynskjer Alf Kjetil Walgermo å gje ein nyttig, overordna innføring i Bibelen både for kristne og ikkje-truande.

Alf Kjetil Walgermo, som til dagleg er kulturredaktør i Vårt Land, fekk spørsmål frå Samlaget forlag om å skriva «Røff guide til Bibelen» for rundt fire år sidan. Sjølv hevdar forfattaren at han har drive research til boka i 33 år.

– Eg fekk den første bibelen min som 7-åring og sette straks i gang med å lesa ho og har lese bibelen omtrent heile livet, seier Walgermo.

Forfattaren trur ikkje folk flest lenger har den grunnleggjande bibelkunnskapen som tidlegare var ein del av allmenndanninga.

– Eg såg behovet for ei bok som kunne fylla litt i dei hola mange har i bibelkunnskapen og gje eit lettlese, spennande totaloversyn over Bibelen, fortel Walgermo under sleppfesten for boka på Litteraturhuset i Oslo.

Øg for kristne

Kulturredaktøren trur òg mange kristne kan ha godt av å lesa boka.

– Eg trur ein ofte har ein tendens til å lesa ekstra godt nokon stadar i Bibelen, medan det er andre stadar ein ikkje har så godt oversyn over, seier Walgermo.

Han fortel at han har freista å skriva ei bok som femnar breitt med ei open tilnærming til tekstane.


– Eg ser for meg lesarar som ikkje naudsynlegvis har ei tru eller har lese mykje i Bibelen frå før og som treng ein grunnintroduksjon. Samstundes har eg lært mykje nytt sjølv under arbeidet med boka og trur mange kristne som har lese ein del i Bibelen òg kan læra noko nytt, seier Walgermo.

Debatt om kristne verdiar

– Man må ikkje vera religiøs for å oppdaga at Bibelen har prega og enno pregar samfunnet vårt i stor grad ikkje minst i språk, kunst og kultur, seier Walgermo.

Han trur at i ei tid som no der debatten går heftig om kristne verdiar er det viktigare enn nokon gong at ein veit litt om kva som faktisk står i Bibelen.

– Uavhengig av om vi er truande eller ikkje er bibelkunnskap eit vern mot splitting og frykt i samfunnet. Vi treng innsikt i Bibelen mot dei som ynskjer å ta patent på kristne verdiar og bruka dei til å



VIKTIG BIBELKUNNSKAP: Forfatter av «Røff guide til Bibelen», Alf Kjetil Walgermo, trur bibelkunnskap særleg er viktig i debatten om kristne verdiar som no pågår. FOTO: Ingunn Marie Ruud, KPK

skapa frykt og avstand mellom menneske, seier forfattaren.

Ljos i mørket

Walgermo fortel kort sagt at Bibelen handlar om ljøs. Medan han arbeidde med boka opplevde han sjølv den mørkaste tida i liva sitt då dottera Tomine døyde i mors liv få dagar før termin.

– Det forsterka veldig det som er den sentrale budskapet i Bibelen for meg, at livet er sterkare enn døden. At Jesus kjem til oss og seier at Guds rike høyrer borna til får ein ekstremt sterk betoning i det tragiske som skjedde oss, fortel han.

Å mista eit barn gjorde himmelhåpet endå meir viktig og Bibelen endå meir relevant for forfattaren.

– Det vert så verkeleg på eit anna vis. Eg kan ikkje tenkja meg noko anna enn at Tomine kviler i Gud sin famn og har det godt. Det er den sterke budskapet i Bibelen at denne vona finst, seier Walgermo.

Ynskjer koran-versjon velkomen

På spørsmål om kva han tenkjer om ein tilsvarande røff guide til den heilage boka til muslimane, Koranen, stiller Walgermo seg positiv.

– Eg håpar at nokon skriv ei slik bok, for eg trur det er behov for innsikt i Koranen og blant kristne, seier han, men legg til at den må nokon andre skriva.

– Den boka kan ikkje eg skriva, for eg kan ikkje nok. Eg er målgruppa for den boka og ser gjerne at nokon skriv henne, avsluttar han. (KPK)

Ingunn Marie Ruud

Takk

Sund sokneråd vil takke så mykje for gåva som vart samla inn til kyrkjelydsarbeidet i samband med **Fritjof Børnes** sin bortgang.

Tru kan gjere deg mindre sjuk

Nye studiar i religionspsykologi viser ein klar samanheng mellom opplevinga av meining og betre helse.

I lengdestudiar har meiningsfullheit vist å redusere sannsynlegheita for kardiovaskulære sjukdommar og Alzheimers. Når ein kontrollerer for relevante tilleggsfaktorar, reduserer meiningsfullheita dødelegheitsrisikoen med om lag 23%.

– Religion og åndelegheit er to moglege kjelder til meining og gir ein høg indikasjon for meiningsfullheita, men berre viss han har ein viktig plass i eit menneske sitt liv, seier dr. Tatjana Schnell.

Schnell er førsteamanuensis ved Innsbruck Universitet i Austerrike og leiar ei forskingsgruppe som gjer empirisk forskning på meiningsfullheita. Ho var ein av hovudtalarane på konferansen til International Association for the Psychology of Religion (IAPR) på Hamar i slutten av august.

– Denne helsebringande meininga kan kome frå mange kjelder, og kan ha like stor effekt frå sekulære kjelder som religiøse, seier Schnell.

Trua må, ifølgje forskaren, ha ein høg plass i livet og vere noko som styrer motivasjon og handling for at ho skal ha ein effekt på meiningsfullheita.

– I Tyskland og Austerrike er det for svært få at religion har ein meiningsgjevande funksjon. Mange seier dei trur på Gud, men det er berre ei tru mellom mange. For å vere ei kjelde til meining må religionen vere verkeleg levd, seier ho.

Helsebringande meining

Forskningsgruppa til Schnell lister opp fire faktorar der meiningsfullheita viser seg.

– Meiningsfullheita oppstår dersom eg oppfattar livet mitt


som samanhengjande, har ei retning, at eg er betydeleg og at eg føler tilhøyrslse, seier Schnell.

Meining er ikkje noko som kan skapast av andre, ifølgje forskaren, men leiarar og kristne forsamlingar kan skape eit miljø som hjelper folk til sjølv å skape denne meininga.

– Kva retning kan kyrkja tilby og korleis kan vi leve dei samanhengjande med resten av livet? Betydelegheit er også viktig. Betyr det nokon skilnad om eg kjem til kyrkja? spør ho.

– Deltaking er viktig

Dr. Schnell trur at å gje men-



neske ansvar slik at dei føler seg betydelege er viktig.

– Ein prest i Nord-Tyskland fortalde meg korleis dei innimellom let ungdomane i kyrkja ta over og bestemme heile gudstenesta, både innhald, tekstar, dekorasjon og så vidare. Dei blei bemyndiga og det var så viktig for dei å bli tiltrudd desse oppgåvene, seier ho.

Forskaren trur løysinga ligg i å bryte ting ned til dei eksistensielle spørsmåla. Ho seier mange forlet kyrkja til fordel for nyandelegheit i søken etter ting dei kan føle.

– Dei ønskjer å føle noko dei trur på og ha ei oppleving av at det er noko godt. Kyrkja



må bryte ned den meininga dei står for til levd røyndom som er opplevbar, seier ho.

– I Tyskland bruker kyrkjene framleis eit svært teologisk språk som folk ikkje forstår. Mange seier dei forlet kyrkja fordi dei ikkje føler ho relaterer til livet deira lengre. Ho har mista meininga fordi ho ikkje gjev dei retning og ho har ikkje samanheng med det dei ser rundt seg eller lærer på skulen.

– Livet etter døden er mindre viktig

Den austerrikske forskaren meiner at trua på eit liv etter døden ikkje har betydeleg effekt for å skape ei helsebringande meining med livet.

– For dei fleste betyr ikkje det så mykje lenger, ikkje eingong for dei religiøse. Dei seier at for meg er det viktigaste korleis eg skal leve her og no, seier ho.

Schnell trur at dei fleste set livet etter døden i samanheng med livet vi lever no.

– Det viktige blir då å finne ut korleis ein lever vel. Ikkje vel som i å føle seg bra, men å gjere ting ein kan stå for og er riktig. Ideen om å kome til himmelen spelar ikkje ein så stor rolle for kristne som mange ikkje-truande trur, seier ho. (KPK)

Ingunn Marie Ruud



Dr. Tatjana Schnell.

Alt innan catering!

Mat som freistar og smakar. Me leverer sju dagar i veka, også på kveldstid og på helgedagar.

Me dekkar gjerne i andre lokale på Sotra.

Me sender deg gjerne eit godt tilbod.

Gratis utkjøring i Sund.
Snittar, kaker, koldtbord og varmmat.

LEGG TUREN TIL
HANDELSTADEN GLESVÆR
OG GLESVÆR KAFE

OPE HEILE ÅRET

*Glesvær Kafe
& Catering*

5381 Glesvær
www.holmakaien.no
Tlf 56 33 90 80 - Mobil 951 033 94

Myldredagar

- for heile familien - besteforeldre også!

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

3. oktober
7. november
5. desember

Kyrkjelydshuset på Kausland

18. oktober
15. november

**Middag – Bibelfortelling –
Aktiviteter – Fellesskap**

**Ta med familien og kom,
eller kom åleine.**

Vi møtest frå klokka 17.00 – 19.00

Lovsongskveldar

med kveldsmat

i **Sund kyrkje**

29. september klokka 19.00


Andakt ved Torbjørn Fjøren

22. oktober klokka 18.00

Song av Stjernekolet og
Betweenekolet

Andakt ved Jannicke Ludvigsen,
frå Søndagskolen Norge

**Du er
velkommen til fellesskap!**



DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

**BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO**

*Et det med
Blomster*

**Sund Senter
Blomster**

Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

Rettar opp nordmenn sine skakke gudsbilete

Nordmenn trur ofte dei må prestere på høgt nivå for å blidgjere Gud. – Det er jo heilt feil, seier bønneveteran og evangelist Håkon Fagervik.

Han prøver å rette opp det han oppfattar som eit skeivt bilete av Gud når han reiser land og strand rundt som evangelist og bønnearbeidar.

Stor konferanse

Dei siste dagane har han deltatt på den årlege konferansen der Revival Alliance samlar menneske frå mange land til bøn og inspirasjon. I år gjekk den for første gong i Noreg, og oppimot 1500 sjeler frå det pinsekarismatiske feltet i kristen-Noreg, samt andre delar av Norden, trakk til Oslofjord Convention Center i Stokke frå torsdag til søndag nyleg.

Terje Liverød er leiar for World Outreach Mission og knytta til Revival Alliance gjennom tett kontakt med predikanten John Arnott frå Toronto i Canada. Liverød er også leiar for det norske vertskapet under konferansen.

Nettverket består av misjonstoppleiarar som kvar for seg har mange konferansar verda rundt i løpet av året, men éin gong samlast dei slik som i Noreg denne helga. Kjende namn som Arnott, Bill Johnson, Heidi Baker og Ché Ahn deltok i Stokke. Randy Clark og Georgian Banoff er også med, men ikkje til stades denne gongen.

– *Kor viktig er Revival Alliance for at det skal bli vekking i Noreg?*

– Eg vil seie at den budskapet som kjem fram på denne konferansen er eit leve eller død for norske trussamfunn for dette nettverket har klart å finne ein måte å spre evangeliet i den vestlege verda på. Dei har klart å skape vekking og kyrkjevekst utan å gå på kompromiss eller slå av på evangeliet, seier Liverød.

– Gud er tilfreds

Håkon Fagervik leiar Nordisk Bønnesenter i Levanger der dei har hatt mykje kontakt med John Arnott og hans arbeid i Toronto.

– *Kva betyr denne straumen for ditt og andre kristne sitt arbeid i Noreg?*

– Det har hatt stor betydning gjennom formidlinga av trua på eit vekkingsliv som kan berøre ein heil nasjon. I botnen av dette ligg undervisninga om Guds farshjarte. Den bruker vi på bønnesenteret, og den har vore veldig viktig for oss, seier Fagervik.

Bill Johnsons Bethel Church i Redding i California er ein del av same straum og har gjennom åra fått betydeleg innflytelse i norske trussamfunn.



BIDRAGSYTARAR: Pastor Morten Edvardsen med eit knippe fornøgte bibelskuleelevar som har bidratt godt i Frikirken i Tønsberg etter sitt opphald på bibelskolen i Bethel Church i California, frå venstre Elise Bastesen Dale (29), Ingrid Lie Hepsøe (27) og Charlotte Talset (27). FOTO: Stein Gudvangen, KPK

– Mykje av ungdomen som kjem til oss på bønnesenteret, har vore i Bethel, seier Fagervik og fortel om ein 48-åring som nyleg blei kristen og fekk ei sterk oppleving av Gud som far.

– Han hadde levd i nesten 50 år, og ingen hadde fortalt han at ein kan ha noka gudsoppleving. Eg trur det trengst ei openberring på dette området, ei openberring av Gud som er fornøgd. Eg trur det ligg djupt planta i oss at vi må gjere ting for å tilfredsstille ein utilfreds Gud. Men Gud er fornøgd med det Jesus gjorde på krossen. Vi må ikkje gjere ein masse gode gjerningar for å bli gode nok for Gud, seier Fagervik.

Påverknad

Morten Edvardsen er pastor i Frikirken i Tønsberg. Edvardsen meiner Revival Alliance-nettverket har hatt betydeleg påverknad på norske kyrkjelydsmiljø.

Trussamfunnet hans har henta mange impulsar frå Bethel Church, sjølv om andre norske trussamfunn har sendt langt fleire over Atlanteren for å gå på bibelskule der, meiner han.

– Det er knytta mange personlege band dit, og dei som har dratt, har bidratt sterkt i forsamlinga vår når dei har kome tilbake òg, seier han.

Den viktigaste impulsen er det han kallar ein heiderskultur.

– I Bethel har dei innført ein måte å leve på som er prega av kjærleik. Det er ikkje noe kunstig eller utvendig, men truverdig og ekte. Så når ein kjem inn i dette miljøet, kjenner ein seg plutsleg som den beste utgåva av seg sjølv. Det er litt sånn som vi lesar om i Bibelen, der Jesus møter til og med dei som er i ferd med å bli steina på ein slik måte at han

får fram dei beste sidene ved dei.

Han seier seg samd med Håkon Fagervik i at mange nordmenn har eit bilete av Gud som er eit langt stykke unna dette.

– Det gjeld om å få tak i at Gud er ein god far, seier Edvardsen.

Kulturkodar

– *Er vi nødd til å dra til USA for å hente det som skal til for å skape vekking i Noreg?*

– Viss vi er samde om at vi nå snakkar om kultur og at Gud «landar» midt i vår kultur, så vil det seie at i Noreg snakkar om ein kultur som er prega av Janteloven, medan den amerikanske er meir oppmuntrande. Når vi reiser dit, lærer vi nokre kulturkodar som vi gjerne vil ha her heime, mellom anna om korleis vi kan respondere på Guds godleik, seier Edvardsen.

– Betyr mykje

Edvardsen meiner Bethel Church og dei beslektta trussamfunna i nettverket Revival Alliance har betydd mykje for norsk kyrkjeliv gjennom eit par tiår.

– Bethel representerer eit heilt og fullt kristenliv med tekn, under og mirakel slik at menneske blir heile. Det er litt sånn som då Jesus gjekk rundt her på jorda, seier han og fortel at det er knytta mange band mellom hans trussamfunn og kyrkja i Redding gjennom åra, både på leiarnivå og mellom menige medlemmer.

På nabobordet sit tre unge damer frå Edvardsen sitt trussamfunn som alle har vore eit år på bibelskule i Bethel Church og er komne fornøgte tilbake.

– Dei som har vore der, kjem heim med ei fornya tru på kva Gud kan gjere, seier Tønsberg-pastoren. (KPK)

Stein Gudvangen

Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hildegunn.bornes@sund.kommune.no

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag - fredag kl. 08.00 - 17.00: **922 18 817**

Utanom desse tidene kan ein ved akutt behov for presteteneste som ikkje kan vente, bruke beredskapsordninga i prostiet (sjå nedanfor).

BEREDSKAPSORDNINGA I PROSTIET

I tidsrommet 17.00 - 08.00 på kvardagar, og i helgane/høgtidene frå kl. 08.00, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet. Ved behov for teneste frå prest, tenester som ikkje kan vente (dødsbod, soknebod om døyande, sjelesorgstøtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med vakthavande prest på: **954 83 655**

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE



**Sund
Bok**



SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG
TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

Velkommen du òg!

Døpte

Sund kyrkje 04. juni
Selma Olsen Jakobsen
Hanna Dävøy Natås

Kausland kyrkje 05. juni
Emilian-Olai Dyngeland Hole Dahl

Kausland kyrkje 02. juli
Sebastian Walle Kleppe
Joachim Eide Grøtte
Johannes Berg Selstø
Halvard Toft Landro

Sund kyrkje 23. juli
Victoria Trinidad Schei

Kausland kyrkje 30. juli
Jarle Lie Bø
Trond André Bøe Krogsæther
Aud-Lilje Mathilde Tjønndal

Kausland kyrkje 05. aug.
Regine Husa Skoge

Sund kyrkje 06. august
Emil Landro Midttveit

Kausland kyrkje 13. aug.
Anton Vindenes

Sund kyrkje 20. august
Hans Neteland Sæle

Vigde

Sund kyrkje 24. juni
Lilli-Anne Alvsaker og
Rund Erichsen

Kausland kyrkje 01. juli
Inger Marie Vorland og
Kim Andre Jakobsen

Gravlagde

Sund kyrkje 22. juni
Fridtjof Bernhard Børnes

Kausland kyrkje 18. juli
Inger Bakke

Sund kyrkje 15. august
Hilborg Marie Nesse

Kausland kyrkje 18. aug.
Åsmund Martin Trellevik

Sund kyrkje 18. august
Bjarte Børnes

Kausland kyrkje 01. sep.
Johannes Andersen Telle

Sund kyrkje 03. september
Atle Amadeus Sangolt

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får melding om fødselen for alle nyfødde born i Sund, dersom foreldra er medlemmer i kyrkjelyden vår. Då vert det sendt ei helsing til heimen frå kyrkjekontoret med orientering om dåp. Så kan foreldra ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døpte vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Kyrkjekontoret**Besøksadresse:**

Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkarvik

Kontor og sentralbord ope:

Tysdag og fredag kl. 09.00 - 14.00
Onsdag kl. 11.00 - 14.00

E-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Telefon: Sentralbord 56 31 90 80

Personale:

Kjell-Asle Børnes..... 48 00 26 97
sokneprest mobil 414 16 667
E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Olav Martin Vik 93 26 44 00
kyrkjeverje
E-post: ov769@kyrkja.no

Irina Tarasova 47 45 06 06
kantor (morspermisjon til juni 2018)
E-post: irina_piano_84@mail.ru

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98
diakon (vikar)
E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52
trusopplærer
E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland 47 71 66 93
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47
kyrkjegardsarbeidar
E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Brynhild Enerehaug 90 08 00 96
soknerådsleiar
E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

Sund
Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,
5378 Klokkarvik

Konto: 3000.15.98194

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.400



Olav Martin Vik skal vera kyrkjeverje i Sund i tillegg til i Fjell og Øygarden.

Ny kyrkjeverje i Sund

På gudstenesta i Sund kyrkje søndag 3. september vart Olav Martin Vik presentert som den nye kyrkjeverja i Sund etter Beate Husa, som slutta 31. august.

Olav Martin Vik får ein travel arbeidsdag, for han skal samstundes vera kyrkjeverje for både Fjell og Øygarden. Dermed blir dette ein forsmak på situasjonen slik han blir når dei tre kommunane vert slått saman i 2020. Då vert det òg berre ei kyrkjeverje. Det er Olav Martin Vik som skal vera prosjektleiar for samanslåinga av dei tre sokneråda og fellestråda.

Olav Martin Vik vart tilsett som kyrkjeverje i Øygarden alt i 2000, men så vart han kalla til å vera ordførarar i Øygarden i 11 år, fram til 2011. I denne perioden hadde han permisjon frå kyrkjeverjestillinga.

Med ei stilling som vert meir omfattande enn ho var for den førre kyrkjeverja i Sund blir det naturleg med ei styrking av staben ved kyrkjekontoret i Sund. For tida er det ute søknad etter ny kontorleiar ved kyrkjekontoret, men korleis det praktiske arbeidet vert lagt opp må vi koma attende til seinare.

Olai Otterå

«Berre éin»?

Av og til høyrer ein oppsummeringar som denne etter eit kristent arrangement: «Det kom berre éin» eller «Berre éin blei frelst».

«Berre éin» høyrer så stusseleg ut; nesten som om det heile har vore bortkasta, og i alle fall nytelaus.

I 1808 blei ein skotsk prest kritisert fordi det berre var blitt med éin ny i kyrkjelyden det siste året; ein gut på 13 år. Guten heitte Robert, og som vaksen blei han ein av dei mest kjende misjonærane i kyrkjehistoria: Robert Moffat.

Jesus såg like stort på den eine som på dei store skarane. I auga hans er éi sjel meir verdt enn både himmel og jord. All evangelisering handlar om å møte menneske éin og éin; all vekking handlar om at ein tek imot Jesus éin og éin.

Likninga om den gode hyrdingen handlar om ein som hadde syn for den eine - det vesle lammet som var kome bort. Jesus er oppteken av den eine fordi han søker alle - éin for éin. Difor seier han ikkje «berre éin», men «enda éin».

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 44

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 18. oktober